


TID FOR LESING APRIL OG MAI

Skrive- og teikneaktivitetar



Aktivitet 1: Den magiske oppfinnermaskina

Sjå animasjonsfilmen om barna som finn ei oppfinning på nettsida vår: uis.no/sfo.

Førestill deg at du finn ei gammal oppfinning i ein kjellar. Når du slår ho på, skjer det noko utruleg.

Bruk fantasien din og **skriv** og **teikn** om kva som skjer!

Aktivitet 1 - ekstra spørsmål til inspirasjon:

- Korleis ser oppfinninga ut? Er ho stor, lita, fargerik eller kanskje laga av rare materiale?
- Kva slags lyd lagar ho når du slår ho på? Er det eit klikk, ein summande lyd, eller kanskje ein morosam melodi?
- Kva er det utrulege som skjer? Blir du usynleg, opnar det seg ein magisk portal, eller skjer det noko heilt anna?
- Kva bestemmer du deg for å gjere etterpå? Utforskar du vidare, fortel du det til nokon, eller prøver du å skru ho av igjen?

Aktivitet 2 - Oppfinnarhjulet:

Skriv ut oppfinnarhjulet, snurr det, og bruk idéen hjulet stoppar på til å lage ei spennande oppfinning.

Bruk fantasien og ulike materiale for å byggje eller teikne oppfinninga di. Skriv ei forklaring – korleis verkar oppfinninga di?

For fleire tips om kva som kjenneteikne ei god oppfinning, sjå videoen fra Patentstyret:

Aktivitet 2 - ekstra spørsmål til inspirasjon:

- Korleis kom du på akkurat denne oppfinninga?
- Kva er det beste med oppfinninga di?
- Kven kan bruke oppfinninga di?
- Kva skulle du ønske at nokon kunne finne opp?

Bli ein ekte forfattar!

Bli ein ekte forfattar! **Send inn historia di** eller teikninga di til sfo-tidforlesing@uis.no, og få forfattar- eller illustratørdiplom i retur frå oss!

Bidraget ditt kan bli trekt ut til å bli med i SFO-boka på slutten av året – **i så fall må du sende inn før 27. mai!**

Hugs å sende oss fornamn, alder, klassetrinn, pluss kva SFO du går på.

Du kan òg sende per post: Nasjonalt lesesenter, Universitetet i Stavanger, Postboks 8600, 4036 Stavanger.






TID FOR LESING

APRIL OG MAI

Aktivitetar




Forslag til aktivitetar - måtar å leike med temaet for å auke interessa blant barna. Ein god veg inn i bøkene!

- **Lag/bygg di eiga oppfinning:** Barna får i oppdrag å byggje ei oppfinning med tilgjengelege materiale. **Materiale:** Papp, plastflasker, sugerør, tape, lim, papir, garn, knappar, piperensarar m.m. Det kan vere alt frå ein «robotarm» til ein «sjølv-vannande plantekasse». **Tips:** Lag ein «oppfinnar-lab» med stasjonar for ulike materiale.
- **Quiz!** [Last ned denne quizen om oppfinningar:](#)
- **Bokstavmaskin:** Barna lagar ein «bokstavmaskin» av papp og papir (ein boks med ei opning der ein kan trekke lappar). Inni maskina er lappar med ulike bokstavar. Dei trekker 2–3 bokstavar og må finne opp noko som byrjar med desse bokstavane. M + R = Magisk Robot, S + B = Sevande Bamse
- **Bygg ein Rube Goldberg-maskin som dyttar ein ball ned i ein kopp!** Lag ei maskin som brukar mange morosame trinn for å dytt ein ball ned i ein kopp. [Sjå film her for inspirasjon:](#) **Materiale:** Dominobrikker eller klossar, klinkekuler, tennisballar eller små baller, pappesker, plastkoppar, dorullar, snorer, sugerør, tape, papir, leiker med hjul (som små bilar), bøker eller byggeklossar for ramper. **Planlegg saman:** Snakk om kva de vil at maskina skal gjere til slutt (til dømes få ein ball til å falle i ein kopp). **Bygg kjedereaksjonen:** Start med ei enkel ting, som ein ball som rullar ned ei rampe. Legg til fleire ting som skjer etter kvart. **Test og juster:** Prøv maskina! Hvis noko ikkje fungerer, snakk saman om korleis de kan fikse det. **Vis fram:** Når maskina fungerer, vis den fram til dei andre barna og dei vaksne. Kanskje de kan lage ei lita «maskin-utstilling»!
- **Finn opp ein ny sport/lek:** Materiale: Ball, kjepler, tau og anna utstyr. Barna lagar spelereglar og finn opp ein heilt ny sport/lek. Vis sporten for dei andre barna.
- **Bygg vindmaskin eller ein katapult:** Materiale: Pinnar, strikk, plastkoppar, tau. Lag små katapultar eller vindturbinar. Kor langt kan dei skyte ein liten ball? Kor fort kan dei få ei vifte til å snurre?
- **Utforsk oppfinningar i naturen:** Gå ut i naturen og la barna finne naturlege «oppfinningar» – som maurtuer, edderkoppnett, eller frø som flyg med vinden. Prøv å lage egne oppfinningar inspirert av det dei såg i naturen.
- **Lag ein drake (og flyg med den!):** Materiale: Pinnar, papir, plastposar, hyssing, tape. Eksperimenter med ulike former for å sjå kva for ein drake som flyg best.


Engasjer barna!

Desse aktivitetane vil engasjere barna til å bruke fantasi, kreativitet og leik, samstundes som dei har det morosamt med temaet.



APRIL OG MAI

Boktips



Tematiske boktips

La barna lese bøker relatert til temaet i januar. Her er eit utval bøker som passar for ulike alderstrinn. Les høgt saman med barna som ikkje kan lese sjølve.

Månadens boktips i samarbeid med Foreningen !les

- **Rare oppfinnelser** av Håkon Forfod Sønneland
- **Dyrenes oppfinnelser** av Christiane Dorion, Gosia Herba
- **Den mest fantastiske tingen** av Ashley Spires
- **Den utrolige Vrimleskogen – full av spennende hemmeligheter** av Jonna Bjørnstjerna
- **Korpset som tok til høyre i stedet for venstre** av Fridtjof Stensæth Josefsen, Bård Sletvold Torkildsen
- **Oliver** av Jan Grue, Eivind Gulliksen
- **Motor-Tor** av Åshild Skadberg
- **Arkimedes og vindmølla** av Hans Sande og Skinkeape
- **Arkimedes og appelsinskrellaren** av Hans Sande og Skinkeape
- **Historien om oppfinnelser** av Cathrine Barr og Steve Williams
- **Vitengalskap** av Alexander H. Sandtorv
- **Kunstkuppet** av Jens Lapidus
- **Marshmallowsmaskinen** av Bobbie Peers og Sandra Steffensen
- **Ti utrulege oppfinningar** av Bår Stenvik og Rune Markhus
- **Jakten på evighetsmaskinen** av Lars Henrik Eriksen
- **Serafin og hans makeløse mesterverk** av Philippe Fix
- **Jakob og Neikob og tidsmaskinen** av Karo Stai